

### Kjære foreldre/føresette

Som engasjert vaksenperson heime kan du vere med på å leggje grunnlaget for gode leseopplevingar og bidra til at barnet ditt får ei positiv haldning til lesing. Som vaksne er vi rollemodellar for barna våre gjennom haldningane vi formidlar. Det er viktig å poengtere at lesing ikkje nødvendigvis betyr lesing av skjønnlitteratur, altså romanar, dikt, noveller og slikt. Lesing er like mykje lesing av aviser, nettsider og brukarrettleiingar. Slik sett les dei aller fleste av oss ganske mykje, og det er viktig at vi formidlar kor viktig lesing er, til barna våre, same kva slags tekst det er snakk om. Å lese saman med barnet er ein god måte å skape positive leseopplevingar på. Her er nokre døme på korleis du kan lese leseleksa saman med barnet ditt heime:

- *Snakk med barnet om teksten før lesinga.* Sjå til dømes på overskrifta. Kva trur de teksten handlar om? Sjå vidare på illustrasjonane. Igjen, kva kan denne teksten handle om? Dette gjer vi for å skape ei førforståing av teksten. Å ha ei slik førforståing lettar ofte lesinga av teksten.
- *Peikeles.* Her kan du som vaksen og barnet ditt lese orda samtidig mens du peiker i teksten under kvart av orda. Det fine med denne metoden er at dersom barnet ditt fell ut av lesinga, kan du stanse og vente til barnet ser kvar de er i teksten, så kan de lese vidare saman.
- *Les annakvar setning.* Når de gjer dette, må barnet heile tida følgje med i teksten og vere orientert om kvar de er. I tillegg kan det å lese teksten saman vere ein morosam variasjon. Dette kan eventuelt også kombinerast med å peikelese, dersom barnet treng det.
- *Les annakvart ord.*
- *Variér stemma mens de les.* Stemma kan vere mørk, redd, lys, sint osv.

Det kan ofte vere vanskeleg å vite om den teksten barnet ditt les, er for vanskeleg for barnet. Ein måte å sjekke det på er å bruke femfingerregelen. Denne går ut på at du lèt barnet lese ei side av teksten. For kvart ord barnet møter som det ikkje forstår, skal det halde opp ein finger. Dersom barnet held fem fingrar i vêret før sida er slutt, kan vi gå ut ifrå at teksten er i vanskelegaste laget. Hugs at barnet også skal lære nye ord og omgrep, så ein finger eller to i vêret i løpet av ei side treng ikkje vere negativt.

Helsing forfattarane av Ordriket